

Bokmeldinger

Ragnhild Bleken Rusten 2002. *Folkedrakt og bymote i Gudbrandsdalen 1650-1940*. Thorsrud a.s Lokallhistorisk forlag / Maihaugen, Lillehammer, 184 sider. Illustrert.

Anmeldt av Bjørn Sverre Hol Haugen

Det fyrste ein ser ved ei bok av denne typen, er utsjånaden. Denne boka har ein tiltalende utsjånad: oversiktleg og ryddig, med gjennomgåande god biletkvalitet. Format, papirkvalitet og omslag er også bra. Fyrsteintrykket er støtt viktig, og særleg når emnet for boka er noe så visuelt som klede.

Boka er skriven av Ragnhild Bleken Rusten, men vart utgitt etter at ho døydde. Det er Kirsti Krekling og Tord Buggeland ved Maihaugen som har gjort ferdig boka. Ragnhild Bleken Rusten sitt manuskript var enda meir omfattande enn det som har kommi med i boka, og i tillegg finst det også materiale til eigne publikasjonar om bunader og draktsølv.

Boka tar føre seg eit stort emne, og det er eit langt tidsspenn som blir presentert. Vi følgjer ei tidslinje i boka, fyrst presenterer forfattaren kvinneklede, så mannsklede. I desse kapitla er det dei mest framtrudande plagggruppene som blir skildra. For kvinn-



Berte Teigen og datter. Sør-Fron, juni 1897. Berte har mørkt, mønstret hodetørkle og vevd stortørkle over brystet. Datteren har hvitt hodetørkle og strikket stortørkle som går på tvers over brystet og er knyttet i ryggen. Datteren har forkle av blåtøy. Fotograf: Hans H. Lie/Maihaugens arkiv.

ene sin del er det stakk, liv og trøye, for karane sin del bukse, vest og jakke. Etter presentasjonen av desse plagga kommer eit kort kapittel om klede som løn til tenestefolk. Eg undrar meg over kvifor det emnet er plassert der. Eg undrar meg også over om eit tema som berre har innhald av ei bokside fortener eit eige kapittel. Den grafiske profilen i boka understreker også denne innvendinga, for kvart kapittel har fått ei innleiingsside med nærbilete av eit plagg eller stoff, samt overskrift. Når introduksjonen til eit nytt tema er ei heil side, ventar ein gjerne meir tekst enn ei side. Slik er det med dette kapitlet, og eit til som kommer seinare. Det er om spedbarnstøy.

Etter kapitlet om klede som løn åt tenestefolk fortsett boka med presentasjon av skjorter og undertøy. For kvinnene si tekstilhistorie er kapitlet både innhaldsrikt og godt. Men mannsklede får vi ikkje høre noe om her. Hadde ikkje karane i Gudbrandsdalen skjorter?

Boka held fram med eit innhaldsrikt kapittel som er samla under tittelen "Andre draktdele". Her blir vi presentert for materiale både for kar og kvinne, og mellom plagga finn vi også dei viktige hovudplagga. Materialer i folkedraktene er sett opp som eige tema, og vidare handlar boka om arbeidsprosessar knytt til tekstilane. Boka har til slutt oversikt over ord og uttrykk, og noteapparat, kjelde-, litteratur- og illustrasjonsliste er på plass.

På mange vis fungerer boka godt. Vi blir kjent med draktskikken i Gudbrandsdalen gjennom tekst og bilete, og dei ulike kjeldene blir lagt fram slik forfattaren tolkar dei. Som regel går det fram kva grunnlag forfattaren trekker sine konklusjonar på, og det gjer boka truverdig.

Gudbrandsdalen er eit stort område, og drakthistorisk sett ikkje eit einsarta område. Denne utfordringa er løyst gjennom

to strukturgrep i boka. For det fyrste blir materialet presentert frå perspektivet at Gudbrandsdalen har to hovuddraktområde: Sør-Gudbrandsdalen og Nord-Gudbrandsdalen. Dei to områda blir sammanlikna og sett i kontrast til kvarandre. I tillegg blir kjeldematerialet sett i forhold til samtidig motebilete. Gudbrandsdalen er av dei tradisjonsområda i Norge som har hatt sterk påverking av motetrek i klesskikken. Samstundes har einskilde trekk levd lenge der, og andre fenomen har fått lokal utforming. Jambføringa med stilhistorie og europeisk mote gjer at ein får eit tydeleg bilete av den lokale draktskikken.

Men alt kan sjølv sagt ikkje få like brei plass i ei bok som skal dekke fleire hundre år med drakthistorie. Dei ulike kapitla er best på å formidle tidsspennet frå andre halvta av 1700-talet og det meste av 1800-talet. Det er også den tida ein har breiast kjeldemateriale å tolke. Det betyr ikkje at tida før og etter burde ha vori redigert bort. Det er viktig å bli presentert for dei lange linene i klesskikken – ofte har ein lokal draktskikk element med røter svært langt bakover. Likedan er det interessant å følge overgangen frå lokal draktskikk til eins draktskikk med andre område, opp mot vår tid. Men desse to ytterpunkta i drakthistoria vi blir presentert for, er såpass tynt representert i forhold til "kjernetida" at eg ville ha vurdert å snevre inn tidsspennet i boktittelen noe.

Som tidlegare nemnt står det ikkje noe om mannskjorter i boka. Det er heilt legitimt å skrive bøker om klesskikken åt berre det eine kjønnet, men når boka legg opp til å dekke begge delar, tykkjer eg det er ei slagside at det er så ujamn fordeling. I tillegg til emne som vantar heilt, har boka over dobbelt så mange sider om kvinneklede som mannsklede. Sjølv om det er

betre kjeldemateriale og større lokalt særpreg når det gjeld kvinneklede enn mannsklede, virkar vektlegginga skeiv.

Men hovudinntrykket av boka er godt. Ragnhild Bleken Rusten arbeidde med draktskikk i ulike område på Austlandet over lang tid, og fekk etter kvart ein omfattande kunnskap. Det er ei lukke for alle draktinteresserte at materialet frå Gudbrandsdalen kom ut i bokform. Det er synd at forfatternen sjølv ikkje fekk sjå boka ferdig. Når fyrst så skulle vera, er det godt at Maihaugen har gjort den store jobben det er å ta over eit bokmanuskript og redigere og gjera det klart for utgiving. Dei har kommi godt frå den jobben, og eg gler meg til dei eventuelt får publisert materialet om det gamle draktsølvet og om Gudbrandsdals-bunadene.

Anne Eriksen og Anne Stensvold 2002. *Maria-kult og helgendyrkelse i moderne katolisisme*. Pax, Oslo. 384 sider. Illustrert.

Anmeldt av Ingvild Sælid Gilhus

”Hvordan er det mulig å tro på mirakler i dag? Hvilke holdninger og verdier er helgener uttrykk for, og hvilket menneskesyn symboliserer jomfru Maria?” Slik begynner en ny bok om moderne katolsk religiøsitet. Boken er et samarbeidsprosjekt mellom folkloristen Anne Eriksen og religionshistorikeren Anne Stensvold. Noe av målsettingen har vært å analysere folkelig religiøsitet og endringer i fromhetsformer på 1800- og 1900-tallet. Boken bygger på et vell av primærmateriale, hovedsakelig fra Italia, men også fra Frankrike. Forfatterne har besøkt kirker og pilegrimsmål, deltatt på messer og vekkelsesmøter, pratet med folk og studert tekster og bilder. Noe av det fargerike billedmaterialet er presentert i boken.

At dette er et samarbeidsprosjekt er i seg selv spennende: Folklorister har ikke pleid å beskjeftige seg med religion, og religionshistorikere er ofte mer opptatt av fortiden og det som skjer på fjerntliggende steder enn av det som foregår i Europa i dag. Man har derfor en følelse av at to spesialister har strukket sine kompetanser på måter som ikke bare er berikende for leserne, men også for de to fagene. Samarbeidet har hatt klare synergieffekter og gitt en rik tekst.

Boken innledes med nyttige teoretiske betraktninger og diskusjoner av bokens gjennomgående perspektiver, for eksempel forholdet mellom tradisjon og tradisjonalisering og mellom folkelig og offisiell religion. I kapittel to får leseren en gjennomgang av pavene i de siste to hundre årene. De resterende kapitlene er konsentrert om religiøse fenomener som står sentralt i dagens katolisisme, nemlig billedkult, Mariafromhet og helgendyrkelse. Forfatterne problematiserer hvilke helgener de har trukket frem, og at de kunne ha tatt opp andre enn de har gjort. Det kunne de sikkert. Men de helgenkultene som Eriksen/Stensvold har trukket frem er sentrale, slik som kultene knyttet til for eksempel Padre Pio, Bernadette av Lourdes og Fatima. Poenget er i tillegg at analysen av disse helgenene brukes til å si noe mer allment om den religiøse utfoldelsen og dens betydninger.

I den forbindelse må maktperspektivet som forfatterne anlegger på helgenkulten fremheves. Et poeng er at kirkens maktelite har hatt nytte av de folkelige helgenfortellingene og tilhørende kulturer fordi de har fungert som en motvekt mot det nittende og tyvende århundrets sekulære ideologier. Samtidig anerkjennes den religiøse egenverdi slike fortellinger og fromhetspraksiser har for alle lag i kirken. Ved å legge vekt på samspillet mellom maktspråk og personlig